



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 08.03.2018  
**Møtetid:** Kl. 14:00  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissesteret.

Frøland, Knut Harald  
ordfører

**SAKLISTE****Saker til handsaming på møtet**

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
001/2018	18/213	Faste saker	

**Oversikt faste saker**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerede vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 033
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/213	<b>Løpenr:</b> 18/2138
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	08.03.2018	001/2018

### Faste saker

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.  
 Delegerte vedtak/referatsaker.  
 Utvalet sitt kvarter.

#### Følgjande referatsaker er melde opp til møtet:

- Drøfting av prinsipp for bruk av oppdragstakarar, innleigd arbeidskraft og mellombelse tilsettingar (sjå eige notat)
- Informasjon om organiseringa av reinhaldstenesta (sjå eige notat)
- Oppfølging av diskusjon i administrasjonsutvalet 30.11.2017 om arbeidssituasjonen i einingane (sjå eige notat)
- Orientering om mogleg IKT-samarbeid med IKT Nordhordland
- Orientering om leiaropplæring 2018
- Orientering om tilsetjing av ny leiar for løn og personal/HR
- Orientering om behov for revisjon av kommunen sine personalvedtekter




---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Til:**

Administrasjonsutvalet

**Frå:**

Jan Erik Boge

### Drøfting av prinsipp for bruk av oppdragstakarar, innleigd arbeidskraft og mellombelse tilsettingar

**Saknr/Journalnr**

18/212/18/2134//JEB

**Arkivkode**

FE - 413

**Dato:**

01.03.2018

---

#### Informasjons- og drøftingsplikt etter Hovudtariffavtalen kapittel 1, § 2.3.2

Etter Hovudtariffavtalen (HTA) kapittel 1, § 2.3.2 skal arbeidsgjevar minst to gongar i året informera og drøfta bruk av oppdragstakarar, innleigd arbeidskraft og mellombelse tilsettingar. Kommunen har til no ikkje hatt ein rutine som sikrar at denne informasjons-/drøftingsplikta vert oppfylt. Det er derfor behov for å utarbeida og innføra slik rutine. Rådmannskontoret vil ta ansvar for dette.

#### Ønske frå Utdanningsforbundet om drøfting av bruk av vikarbyrå (bemanningstenester)

Utdanningsforbundet v/Hilde Aarvik sende i februar 2018 e-post til rådmannskontoret, der ho melde inn ønske om å drøfta bruken av vikarbyrå (bemanningstenester) før utlysings- og tilsettingsprosessane startar i vår. Det er nok her tenkt på utlysings- og tilsettingsprosessane i skule/barnehage. Rådmannen ønskjer at denne drøftinga vert gjort i administrasjonsutvalet.

Utfyllande informasjon frå Utdanningsforbundet v/Hilde Aarvik, sendt på e-post 15.02.2018:

*Me ønsker berre ha ei drøfting på generelt grunnlag før tilsettingane begynner.*

*Så må me sjølvstøtt ta diskusjonen i forkant av tilsettingane, og eg om ein ikkje får søkarar nok på første gongs utlysing.*

*Me har inne ein lærar frå vikarbyrå no, og det er heilt nytt i skule/barnehage, og ikkje noko me i utgangspunktet er for grunna kostnader, tariffavtaler etc.*

*Å snakka om kva som er ønskeleg praksis i vår kommune/ sektor, er viktig.*

#### Samnanger kommune sin bruk av vikarbyrå

Hovudprinsippet i Samnanger er at medarbeidarane våre skal vera tilsette i kommunen. Dette gjeld òg for mellombelse tilsettingar/vikariat. Det kan likevel oppstå situasjonar der kommunen ikkje sjølv klarar å rekruttera kvalifiserte medarbeidarar. Dette har til dømes skjedd i nokre tilfelle/periodar innanfor pleie- og omsorgstenestene. Det har då vorte vurdert som nødvendig å bruka vikarbyrå/bemmanningsbyrå, for å ivareta drifta og løysa oppgåvene som kommunen har plikt til.

Generelt er rådmannskontoret sitt inntrykk at einingane så langt som mogleg prøver å unngå bruk av vikarbyrå, men at dei i nokre tilfelle ikkje har noko anna val enn å bruka vikarbyrå.

Innleige av vikarar frå vikarbyrå er generelt litt dyrare for kommunen enn å ha eigne tilsette, på grunn av at kommunen må betala eit administrasjonsgebyr til vikarbyrået. Dette gebyret kjem i

tillegg til sjølve lønsutgiftene. Økonomisk sett vil det derfor vera ein fordel for kommunen å ha eigne tilsette.

Samnanger har eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune, der me kan bruka Bergen sine innkjøpsavtalar innanfor ulike område. Når det gjeld vikartenester, er Samnanger i dag med på følgjande av Bergen kommune sine innkjøpsavtalar:

- helsevikarar
- generelle vikartenester
- pedagogiske vikarar

Det er Bergen kommune som gjennomfører konkurransar og inngår rammeavtalar med vikarbyråa. Lønsvilkår m.m. blir avtalt i rammeavtalane mellom Bergen kommune og det enkelte vikarbyrået, og skal vera i samsvar med gjeldande lover/reglar. Når Samnanger leiger inn vikarar frå desse vikarbyråa, gjeld dei lønsvilkåra m.m. som framgår av rammeavtalen. Dersom Bergen kommune seier opp avtalen med eit vikarbyrå på grunn av «avtalebrot», vil heller ikkje Samnanger lenger bruka dette vikarbyrået.

Det har vore tilfelle der dei vikarbyråa som Bergen kommune har inngått avtale med, ikkje har klart å skaffa vikarar til Samnanger. I slike tilfelle vil kommunen kunne leiga inn vikararar frå andre vikarbyrå. Kommunen vil då ha plikt til å stilla krav om og sjå til at lønsvilkåra m.m. er i samsvar med gjeldande lover/reglar.

Innanfor pleie- og omsorgstenestene har kommunen i dag eit bemanningsbyrå som er inne på «fast basis» i eit tiltak/tilbod for ein brukar.

Me har hatt fleire tilfelle i kommunen der medarbeidarar som har starta som innleigde frå vikarbyrå, har gått over til å bli mellombels og seinare fast tilsette i kommunen. Me har hatt tilfelle der vikarbyrå har prøvd å operera med «karenstid» for å unngå at dette skjer, men slike saker har stort sett latt seg løysa.



---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Til:**

Administrasjonsutvalet

**Frå:**

Jan Erik Boge

**Informasjon om organiseringa av reinhaldstenesta**

Saknr/Journalnr	Arkivkode	Dato:
14/70/18/2129//JEB	FE - 034, TI - &34	01.03.2018

---

På møte 30.11.2017 bad administrasjonsutvalet om at administrasjonen ser på organiseringa av reinhandstenesta. Dette går fram av side 5 i møteprotokollen.

I dette notatet følgjer informasjon om korleis reinhaldstenesta er var organisert tidlegare, og om omorganiseringa som vart gjort i 2015.

**Organisering av reinhaldstenesta fram til 2014**

Fram til 2014 hadde ikkje kommunen ei eiga reinhaldsavdeling. Reinhaldarane var tilsett i eininga/einingane der dei jobba. Det var den aktuelle einingsleiaren som hadde både det faglege og administrative arbeidsgjeveransvaret for reinhaldaren/reinhaldarane i eininga si.

**Omorganisering av reinhaldstenesta med verknad frå 01.01.2015**

I kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2014 låg det inne eit prosjekt om omorganisering av reinhaldstenesta, og overgang til Beste Praksis for Reinhald (BPR). Bakgrunnen for prosjektet var mellom anna ønske frå Fagforbundet om moglegheit for større stillingar for reinhaldarane, samt ønske om betre reinhaldsutstyr/fleire reinhaldsmaskinar.

BPR er ein metode med nasjonale kvalitetsmål for reinhald i kommunale bygg ved hjelp av NS-INSTA 800 (sjå informasjon på <https://renholdsportalen.no/verktoy/ns-insta-800>). BPR betyr i praksis å oppnå optimal ressursbruk pr. bygg, ved hjelp av:

1. Moderne reinhaldsmtodar
2. Betre organisering og innføring i teamarbeid, eventuelt jobbrotasjon
3. Kvalitetsstyrt reinhald (NS-INSTA 800)
4. Høg miljøprofil

Det vart før sommarferien 2014 sett ned ei prosjektgruppe for å planleggja og gjennomføra omorganiseringa/endinga av reinhaldstenesta. I prosjektgruppa var både arbeidsgjeverrepresentantar, tillitsvalde og to reinhaldarar med.

Omorganiseringa av reinhaldstenesta vart gjort med verknad frå 01.01.2015. Det vart då oppretta ei eiga reinhaldsavdeling i kommunen. Avdelinga vart lagt i eining for teknisk drift. Alle reinhaldarane

vart overførte til reinhaldsavdelinga med verkknad frå 01.01.2015. Det vart frå same dato tilsett ein reinhaldsleiar.

Som nevnt ovanfor, var omsynet til HMS (betre reinhaldsutstyr/reinhaldsmetodar) og moglegheit for større stillingsstorleik for reinhaldarane viktige moment i samband med omorganiseringa. Som vedlegg til dette notatet følgjer kopi av mandatet for prosjektgruppa i 2014 og to informasjonsnotat frå 2014 og 2015.

Det ligg ikkje føre planar om å endra den noverande organiseringa av reinhaldstenesta.

Vedlegg:

Mandat for prosjektgruppa i 2014

Notat datert 06.06.2014 om oppstart av reinhaldsprosjektet

Notat datert 27.03.2015 om avslutning av reinhaldsprosjektet

## Mandat / Oppgavebeskrivelse

### Kvifor organisere reinhaldet i SK ?

- Kommuneplanen har mål for Kommuneorganisasjonen
- ✓ Hovudmål: *Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon.*
  
- ✓ Delmål: Høg kvalitet på tenestene –
  - Strategi: sørvis, fleksible og effektive tenester, god økonomistyring, kompetanse
  
- ✓ Delmål: Tilsette som tvist og er stolte av arbeidsplassen sin
  - Strategi: felles organisasjonskultur med fokus på lojalitet, motivasjon og effektivitet, HMS-tiltak, psykososialt arbeidsmiljø,
  
- *Visjon: Ha eit smart reinhald med god kvalitet og høg trivnad*

### Metode for mål og strategi

Beste praksis for reinhald er ein metode nasjonale kvalitetsmål for reinhald i kommunale bygg ved hjelp av NS-INSTA 800 (BPR).

BPR er eit hjelpemiddel for mest optimal reinhaldsteneste.

BPR betyr i praksis å oppnå optimal ressursbruk pr. bygg, ved hjelp av:

1. Moderne reinhaldsmetodar. *Betre utnytting* av maskiner og hjelpemiddel.
2. *Betre organisering*, heilskapleg reinhaldsleiing, utvikle fagmiljø. Innføring i teamarbeid og større stillingsstorleik, evt jobbrotasjon.
3. Innføre kvalitetsstyrt reinhald (NS-INSTA 800).
4. Høg miljøprofil og fokus på HMS i det dagleg arbeidet

### Føringar

- ✓ Reinhaldet i Samnanger skal halde fram med å vera kommunalt.
- ✓ Reinhaldet vert organisert i eiga avdeling med leiarfunksjon. Teknisk drift har ansvar for kommunale bygg og vedlikehaldet av desse. Reinhald er ein del av vedlikehaldet i bygga og reinhaldsavdelinga vert lagt til teknisk drift eining.
- ✓ Innføre BPR – kvalitetsreinhald. De føresett at kommunen og reinhaldarane måtte gå inn i ein endringsprosess.

### Oppstart – for innføring av BPR

- Etablere ei prosjektgruppe

Prosjektgruppa er representert med bygg/driftsansvarleg, brukarrepresentant, tillitsvalde og utførarar.



Følgjande personar deltek;

- ✓ Driftsansvarleg kommunale bygg – Endre Kulleseid (Tek)
- ✓ HTV Fagforbundet – Wenche Håhjem (PLO)
- ✓ Tillitsvalt Delta - Sven Tore Kulleseid (tek-drift)
- ✓ Reinholdar med fagbrev: Bjørg Tveiterås (SUS)
- ✓ Reinholdar med fagbrev: Mary Torunn Bjørnås (PLO)
- ✓ Einingsleiar: Anne Fredriksen (Bhb)
- ✓ Leiar for arbeidet: ass.rådman Hilde-Lill Våge
- ✓ I tillegg vert Grend (bedriftshelsetenesta Torill Kveberg) invitert til å delta i prosjektet.

1 møte i prosjektgruppa: Kartleggingsfase – areal, stillingar, kostnader og erfaringsdeling.

- ✓ Presentasjon i prosjektgruppa
- ✓ Kartlegging
  - Areal, stillingar og kostnader.
  - Erfaring og forbetningsområde: oppfølging frå leiar, større stillingar, kvalitet, kompetansebehov/-oppfølging, møteplass, HMS og tilrettelegging, helserisiko, trivsel.
  -
- ✓ Planlegging synfaring for prosjektgruppa til Vaksdal
  - Dato:

2. møte i prosjektgruppa - Synfaring Vaksdal

- ✓ Erfaringsutveksling
- ✓ Kva kan vi ta med oss i vår organisasjon ?
- **Informasjons- og opplæringsfase for innføring av BPR**
- ✓ Kurs v/fagforbundet sentralt for alle reinholdarane i metode, teamarbeid, reinholdsløysing mm
- ✓ Informasjon og erfaringsformidling – fellesmøte med alle reinholdarane.
- ✓ Pilotprosjekt – eit bygg som prøveprosjekt
- ✓ Utarbeide vurderingsfrekvens for kvart bygg, normer for kvalitetsnivå og behov for ressurs, hjelpemiddel.
- **Brukaravtalar med einingane**
- **Lyse ut reinholdsløysarfunksjonen**
- **Oppstart**
- ✓ Etablere reinholdsløysarfunksjon; januar 2015

- ✓ Innføre BPR : januar 2015
- ✓ Evaluere : desember 2015

Kopi

Organisering av kommunens eiendommer

Forslag til en fremtidsrettet organisering av eiendomsenhetens tjenester.

Forslag til hvilke oppgaver enheten skal utføre/ikke utføre og hvilket omfang og kvalitet som skal leveres.

Enheten skal i sitt arbeid ta hensyn til at de økonomiske rammene kan bli redusert og beskrive hvilke grep som bør gjennomføres hvis rammene reduseres xx kr.

Hvordan kan enheten organiseres for å få en tettere oppfølging av medarbeiderne?

Hvilke endringer kan gjennomføres for å oppnå mer effektiv drift?

Vaskeri og renhold

Hvordan skal renhold utføres fremover/Hvordan skal NS INSTA 800 eller tilsvarende brukes/innføres?

Hvordan kan renhold og vaskeri organiseres for å få en tettere oppfølging av medarbeiderne og bedre oppdekking i forbindelse med fravær?

Hvilke endringer kan gjennomføres for å oppnå mer effektiv drift av vaskeriene?

Kopier



---

## Informasjonsnotat / orientering

---

Til:

Jan Erik Boge  
Anne Jorunn Fredriksen  
Grete Lill Hjartnes  
Kent P. Opheim  
Vigdis Vikne  
Solvor Aadland

Frå:

Hilde-Lill Våge

### OPPSTART KVALITETSREINHOLD I KOMMUNALE BYGG NY ORGANISERING

*Saknr./Journalnr*

14/70/14/3427/ADM/HLV

*Arkivkode*

FE-034, TI-&34

*Dato:*

06.06.2014

---

I både økonomiplan og budsjettet for 2014 er omorganisering av reinholdet i SK og overgang til BPR eit av prosjekta som skal vera gjennomført innan året.

**Beste Praksis for Reinhold er ein metode med nasjonale kvalitetsmål for reinhold i kommunale bygg ved hjelp av NS-INSTA 800 (BPR).**

BPR er eit hjelpemiddel for mest optimal reinholdsteneste. Dei fleste kommunar har slutta seg til å praktisere og organisere reinholdet etter denne standarden.

BPR betyr i praksis å oppnå optimal ressursbruk pr. bygg, ved hjelp av:

1. Moderne reinholdsmetodar
2. Betre organisering og innføring i teamarbeid, evt jobbrotasjon
3. Innføre kvalitetsstyrt reinhold (NS-INSTA 800)
4. Høg miljøprofil

Reinholdet i Samnanger skal halde fram med å vera kommunalt.

Ved å innføre BPR vil kommunen og reinholdarane måtte gå inn i ein endringsprosess. Det vert derfor nødvendig å etablera ei prosjektgruppe og samle reinholdarane i samband med arbeidet. Dette arbeidet er blitt noko forseinka pga stort arbeidspress ved rådmannskontoret ni i vår. Vi ønskjer no å få starte oppatt arbeidet og gjennomføre det i haust.

Ass.rådmann foreslår at det vert oppretta ei prosjektgruppe for arbeidet.

Denne bør vera representert med bygg/driftsansvarleg, brukarrepresentant, tillitsvalde og utførarar.

## **Prosjektgruppa**

Driftsansvarleg kommunale bygg – Endre Kulleseid

HTV Fagforbundet - <namn>

Tillitsvalt Delta - Sven Tore Kulleseid

Reinhaldar med fagbrev: <namn>

Reinhaldar med fagbrev: <namn>

Einingsleiar: Anne Fredriksen

Leiar for arbeidet: ass.rådman Hilde-Lill Våge

## **Vi ser for oss følgjande framdrift:**

**Kartleggingsfase** – areal, stillingar, kostnader og erfaringsdeling.

- Presentasjon i prosjektgruppa
- Synfaring for prosjektgruppa til Vaksdal

Ansvar: ass.rådmann og driftsleiar teknisk – innkalling i juni/august 2014

**Informasjons-** og opplæringsfase for innføring av BPR

- Kurs v/fagforbundet sentralt for alle reinhaldarane i metode, teamarbeid, reinhaldsleiing mm
- Informasjon og erfaringsformidling – fellesmøte med alle reinhaldarane
- Pilotprosjekt – eit bygg som prøveprosjekt
- Utarbeide vurderingsfrekvens for kvart bygg, normer for kvalitetsnivå og behov for ressurs, hjelpemiddel.
- Brukaravtalar med einingane

Ansvar: Prosjektgruppa –hausten 2014

## **Organisering**

- Mål; heilskapleg reinhaldsleiing, utvikle fagmiljø, teamarbeid og større stillingsstorleik, betre utnytting av maskiner og hjelpemiddel.
- Forutset reinhaldet organisert i eiga avdeling med leiarfunksjon
- Lyse ut reinhaldsleiarfunksjonen

Ansvar prosjektgruppa: hausten 2014

## **Oppstart**

- Etablere reinhaldsleiarfunksjon; januar 2015
- Innføre BPR : januar 2015
- Evaluere : desember 2015

Kopi til:

Kulleseid, Endre



---

## Informasjonsnotat / orientering

---

**Til:**

Tone Ramsli

**Frå:**

Hilde-Lill Våge

**AVSLUTNING AV REINHALDSPROSJEKTET - STATUS***Saknr/Journalnr*

14/70/15/2417/ADM/HLV

*Arkivkode*

FE-034, TI-&amp;34

*Dato:*

27.03.2015

Reinhaldsprosjektet er avslutta og gjennomført.

Reinhaldarane er overført til ny eining for teknisk drift med Endre Kulleseid som fagleg og administrativ leiar pr. 1. januar. Økonomiske ressursar for 2014 vart vidareført i 2015-budsjettet, og ei omfordeling av desse gav oss moglegheit til å oppretta stillinga som reinhaldsleiar. Angelica Reistad er tilsett i stillinga og starta 1. januar i år.

Reinhaldsavdelinga har innført og gjennomfører no kvalitetsreinhald i alle bygg (INSTA 800). Innafor ramma har avdelinga bl.a gått over til maskinvask, noko som igjen har ført til forbetra HMT på arbeidsplassane. Målet er at ein reinhaldar og skal kunne jobba i 100% stilling om dei ønskjer det. Teknisk driftsleiar og reinhaldsleiar har i samarbeid utarbeid reinhaldplan og brukaravtale for alle kommunale bygg (eks. avtalar frå vassloppa ligg ved).

Det er inngått bruksavtale med alle einingsleiarane. Kwart år før budsjettet vert lagt fram for rådmannen, vil det vera brukarmøte om evt vedlikehaldsbehov eller nye ønskje.

Mange av reinhaldarane i kommunen er framspråkelege. For at desse skal gjera seg betre forstått i arbeidet sitt set kommunen i gang norsk kurs i løpet av april 2015. Samnanger har fått VOX-tilskot til gjennomføringa, og kommunen vil gje kompensasjon til dei som vert pålagt å delta. Det er 10 deltakarar som skal gjennomføre 50 timars norsk kurs.

**Vedlegg:**

Underskriven brukaravtale - Vassloppa barnehage (L)(94686)

Reinhaldsplan for bygningar i Samnanger kommune (L)(94683)

**Kopi til:**

Boge, Jan Erik; Kulleseid, Endre



---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Til:**

Administrasjonsutvalet

**Frå:**

Jan Erik Boge

**Oppfølging av diskusjon i administrasjonsutvalet 30.11.2017 om arbeidssituasjonen i einingane****Saknr/Journalnr**

17/1117/18/2137//JEB

**Arkivkode**

FE - 440

**Dato:**

01.03.2018

I administrasjonsutvalet sitt førre møte, 30.11.2017, tok Oddrun Lemme Sandvin frå Fagforbundet opp bekymring om arbeidssituasjonen i nokre av einingane i kommunen. Ho sa mellom anna at Fagforbundet sine medlemmer ikkje føler seg verdsette og at dei har liten påverknad, og at dei føler at berre andre grupper (høgskuleutdanna) blir «sett» og prioriterte av arbeidsgjevar.

I administrasjonsutvalet 08.03.2018 vil det bli gitt ei orientering om kva som er gjort for å undersøkje/følgja opp det som Oddrun Lemme Sandvin tok opp 31.11.2017. Sektorleiar Grete Lill Hjartnes og hovudtillitsvald i Sjukepleiarforbundet vil bli inviterte til å vera med på denne orienteringa.